


NR. 9

NOVEMBER 1984

17. ÅRG.

Helgemessesøndag 4. november Gunnar Stålsett i Arna kyrkje

ET LIV EFTER DETTE
Av Ingrid Vibé Müller



*Som en dyp,
ufattelig glede
ligger tanken der,
som et lys
uten grenser —!*

*For jeg vet
at Den evige Gud
lever i min sjel
allerede her i mørket
og forsonet med Ham
skal jeg en stille,
eller svær og
stormfull kveld,
stige inn i lyset*



Gunnar Stålsett er generalsekretær i Det norske Bibelselskap. Tidlegare har han mellom anna arbeidd som prest og han har vore generalsekretær i Mellomkirkelig råd for Den norske kirke. Han har ein sentral plass i kyrkja både her i landet og i internasjonal samanheng. For litt sidan fekk han spørsmål om å verte generalsekretær i Det lutherske verdensforbund, men han fann å måtte seie nei til det.

Søndag 4. november er han i Arna og talar ved gudstenesta om formiddagen kl. 11.00. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi der han vil orientere om Bibelselskapet sitt arbeid.

GJE BIBELEN VIDARE. Sjå side 12

Redningsaksjonen

Av Heidi Eikremsvik

Røde Kors gjer ei stor og viktig teneste for menneske som er i naud og treng hjelp. Likeeins redningsskøytene på havet, redningshelikopter, ambulansar osv. Mange redningsaksjonar har det blitt opp gjennom tidene, og mange menneskeliv redda.

Men der er ein redningsaksjon som overgår alle dei andre. Ei uendeleg mengd med menneske låg og baksa i sjøen og heldt på å drukne. Bølgene slo, og den kalde sjøen tappa dei for livskraft.

Dette såg Gud i Himmelen, og det smerta han å sjå dei kjære skapningane sine på veg til å «drukne». Samstundes visste Han at Han var den einaste som var i stand til å berge dei.

Med risiko for å misse sin einaste Son i dei same bølgjene — sende Han likevel Jesus, som ei «livbøye» til menneska som låg og kjempa på «havet». Og alle som tok imot livbøya, vart berga frå «drukningsdøden».


Dette biletet er ikkje henta frå Bibelen. Men der står det to vers som seier det same: Johannes kapittel 3, vers 16:

FOR SÅ ELSKA GUD VERDA AT HAN GAV SON SIN, DEN EINBORNE, SÅ KVAR DEN SOM TRUR PÅ HAN, IKKJE SKAL GÅ FORTAPT, MEN HA EVIG LIV.

Verdas største redningsaksjon vart sett igong då Gud sende Jesus til jorda. Har du sett di fortapte stilling? Har du sett Jesus — håpet? Det er enno ikkje for seint å la seg berge.

Snakk med ein kristen du har tillit til.

EG ER IKKJE RELIGIØST ANLAGT!



Vi menneske har så mange ulike anlegg. Nokre har kunstnariske anlegg, andre har sansen for skruar og teknikk. Nokre spring fortare enn andre. Einskilde får fram dei finaste retter der andre berre svir grytene.

Slik er no ein gong livet. Vi har ulike anlegg. Ein som er umusikalsk, ber vi ikkje med på konsert. Han har ikkje anlegg. Han er orsaka.

Og eg er ikkje religiøs. Eg interesserer meg ikkje for Gud og bryr meg ikkje om å tenkja på meininga med livet. Eg er ikkje religiøst anlagt, så da ...

Stopp no litt! Er du sikker på at Gud er oppteken av dei religiøse interessane dine? Kan hende han ikkje ein gong reknar med at du har religiøse anlegg?

Apostelen Paulus, ein av dei heilt store i trusverda, hevda at ingen var religiøst anlagt. «Det finst ikkje ein som søker Gud», skriv han i Bibelen.

Gud spør etter noko heilt anna enn dei «religiøse anlegga» dine. Han vil vita om du er eit menneske som trur du skal greia livet, døden og dommen aleine. Kan du greia deg sjølv?

Vel, litt ekstrahjelp kan det vel vera greitt å ha i siste svingen eller når flokane vert store!

Det er for lite.

Du går glipp av det viktigaste.

Det er når du eig Jesus som Frelsar at du kan leva livet og dø døden med håp. Jesus bryr seg om alle som ikkje kan greia seg sjølve. Han døde og stod opp att for alle — ikkje berre for dei «religiøst anlagte».



Trygve Helge Kleppestø - FRA SKOLEN, VIA SAN FRANCISCO TIL SUNNMØRE KRETS

SAN FRANCISCO: — Jeg gir et år for Sjømannsmisjonen. Bruk meg der behovet er størst, sa undervisningsinspektør Trygve Helge Kleppestø til de styrende organer i Sjømannsmisjonen. Han satt selv i hovedstyret, men var naturlig nok ikke med da han ble konstituert som den nye kretssekretæren i Sunnmøre krets. Det er liten tvil om at han hadde en eller annen utestasjon i Europa i tankene da han stilte seg til disposisjon, men han tok det som et kall da han ble spurt om å reise til Sunnmøre.

RUNE EIKELAND

— Det kom nokså hodestups på meg, og det må nok innrømmes at det kanskje ikke var det jeg ønsket mest. Jeg har en anelse om at det er ganske hardt arbeide, sier Trygve Helge Kleppestø.

GREPET

AV SJØMANNSMISJONEN

Helt uten noe forhold til Sjømannsmisjonen kom Trygve Helge Kleppestø i 1975 som assistent til stasjonen i Philadelphia, men i løpet av de to årene han hadde permisjon fra sin stilling i skolen, ble han så grepet av arbeidet ute i Sjømannsmisjonen at han engasjerte seg sterkt da han kom tilbake til Norge. Siden 1979 har han møtt i hovedstyret, og vi traff ham i San Francisco som vikar, i ferd med å forberede seg til å ta fatt på det krevende kretsarbeidet på Sunnmøre.

— Ja, det stemmer at jeg før ikke hadde noe forhold til Sjømannsmisjonen. Mer eller mindre tilfældigheter gjorde at jeg havnet i Philadelphia, og etter det var det i grunnen gjort. Det er ikke lett å forklare hvorfor en tenner på en bevegelse som Sjømannsmisjonen. Det kan være en kombinasjon av det å komme ut i verden, og det å treffe mennesker. Men noe av det største en kan oppleve, er måten en blir møtt på ombord — og oppleve det at sjøfolk setter pris på en.

TIL SUNNMØRE

— Du var ikke klar over at du ville havne på Sunnmøre da du stilte deg til disposisjon der det var behov for deg?

— Nei, jeg var uforberedt på det. Men da hjemmeseekretæren spurte meg, tok jeg det som et kall fra Gud — at Gud ville ha meg nettopp der. Jeg har skjont at Sjømannsmisjonen ingen vei kommer uten full oppbakking hjemme. Hjemmearbeidet har så absolutt både en økonomisk og åndelig side, og det er ingen tvil om at arbeidet for en kretssekretær ofte kan være hårdt.


NYTT OG KREVENDE

— For meg er hjemmearbeidet noe helt nytt. Men det er viktig at hovedstyremedlemmene både kommer ut på stasjonene og ut i hjemmearbeidet — det kan også være på sin plass, og arbeidsformene må tas opp i de styrende organer. Arbeidet er tidkrevende, og mange har langt fra 8 timers arbeidsdag.

Sunnmøre er en krets som har lange og gode tradisjoner, og som ny mann der oppe, er jeg helt avhengig av hjelp fra kretsstyret og de som tidligere har vært ansatt i arbeidet.

LÆRERIK SOMMER

— Det er utvilsomt noe forskjell på stasjonene i San Pedro og kretsen på Sunnmøre?





Profeten Daniel trudde på Gud. Det var mange som mobba han for det, men Daniel trudde likevel.

Ein gong vart Daniel kasta ned i ei hule av di han bad til Gud kvar dag. Det var farlege dyr i hola, men Gud tok seg av Daniel. Gud tek seg av alle dei som trur på han.

Teikn ein strek frå tal til tal så finn du ut kva for slag dyr Daniel var saman med i hola. I Bibelen kan du lesa mange spanande forteljingar om det Daniel opplevde.

Daniel, 6. 16-24.



GODT GJORT AV SPEIDARANE

KFUK speiderne i Indre Arna

er i full gang med et nytt arbeidsår. De ukentlige møtene blir avvirket på Garnes skole. Vi er nettopp ferdig med den årlige landsomfattende speiderjobben der Arnajentene som vanlig gjorde en svært god innsats. Ca. 30 jenter var i uke 39 i full sving med forskjellig slags arbeid hos familie eller naboer. Vi takker alle som gav speiderjentene arbeid og som møtte dem med positiv innstilling. Enda har ikke alle levert inn det de har jobbet inn, men resultatet vil ligge på ca. 2.500 kr. Pengene vil i år gå til et prosjekt i Etiopia, i Addis Abeba og til å finansiere et hallprosjekt ved Geilomo sykehus for astmatiske barn på Geilo.

Speidere i de tre speiderforbundene i Norge klarte i fjor å jobbe inn over 900.000 kro. I år håper vi det samlede resultat vil bli over millionen.

Meiseleder dette året er Bente Økland, stifinner er Margit Boge, vandrelleder er Bjørg Albrechtsen. Bjørg er også gruppeleder. Hun har tlf. nr. 24 16 12 hvis noen er interessert i å ta kontakt med oss.

NSF speidernes kontaktmann i Arna er Arvid Haugland, tlf. 24 14 52.

114 % AUKE

Talet på medlemmer i Noregs KFUM-speidarar aukar, særleg på ulveunge-sektoren. Nordland krets hadde sist år ein auke på heile 114 % i talet på ulvungar. Talet på speidarar har halde seg meir stabilt, med størst auke i Rogaland og Trøndelag. Andre norske speidarorganisasjonar har hatt mykje nedgang i medlemsflokkane sine.

Framhald frå s. 3 Fra skolen.....

— Det som er spesielt ved stasjonen i San Francisco, er beliggenheten og folkene, de mange turistene og au pair-jentene. Selv om jeg vet mindre om hva som skjer på vinterstid her borte, ser jeg klart at kirken har stor betydning her i området. For disse menneskene vil det være et stort tap dersom stasjonen skulle bli nedlagt.

Og fra en lærerik sommer ved stasjonen her i San Francisco, går jeg til hjemmearbeidet med god tro på at Sjømannsmisjonen har livets rett og fremtiden foran seg.

MUSIKKANDAKT

Ytre Arna kyrkje
søndag 11. nov. kl. 19.00.

Arna kyrkjekor
Ytre Arna kyrkjekor
Ytre Arna ungdomskor
Vidar Vikøren, orgel
Res.kap. Sundsbø
Kollekt.

(Fra «Bud og Hilsen»)

Barnehage samla inn 1.400 kr. til Redd Barna

Det er i år 30 år sidan FN innstifta Verdensbarnedagen. 1. oktober vert denne dagen feira i dei fleste av FN's medlemsland. I år vart denne dagen også markert i Arna kyrkjelyd sin dagheim.

Førebuingane starta nokre dagar i førevegen, m.a. med bollebaking. Både born og vaksne var med, og resultatet var over 200 bollar, med svært varierende form og storleik. Desse bollane vart så selde på Barnas Kafé på Verdensbarnedagen. Forutan bollar vart det også selt kaffi og saft til foreldre, søsken og andre som stakk innom barnehagen.

På førehand hadde barnehagen også fått diverse gevinstar, både frå foreldra og frå næringsdrivande i Arna. Dessutan hadde dei laga lodd soim skulle seljast.

Heile føremiddagen sto borna ved stasjonen og selde lodd til folk som gjekk forbi. Og salet gjekk strålende, det var svært mange som tok seg tid til å stoppa og ta lodd.

Tilsaman fekk dei inn heile 1.400 kroner. Pengane vart sende til Redd Barna, og slik fekk borna i barnehagen vera med å realisera målet for Verdensbarnedagen: Born hjelper born.

Her ser me nokre bilete frå den dagen:



TÅKEVÅTT

Av Ingrid Vibe-Müller

*Landskapet er tåkevått
og høstlig.
Åsen tegner seg
utydelig
mot en tung himmel.
Jorden er flekket
av gule blader.
Ikke alltid*

*kan vi ha sol.
Ikke alltid
kan himlen
være høy og blå.
«Du oppdrar oss
med trengsel og kors
for Ditt Rike.»*

Brei innsats for å hjelpe menneske i naud

Misjon er å hjelpe heile mennesket, seier Misjonsalliansen. Derfor har dei sett i gang ei rekkje sysselsetjingstiltak for arbeidslause i Manila-slummen. Båtbyggeri, skofabrikk og utdanning i venleikspleie høyrer med til programmet.

Filippinane er eit land med svære økonomiske problem. Store delar av folket går arbeidslause, og mange tyr til slumlivet i storbyen Manila. — I ein slik samanheng er det ei misjonsoppgåve å gje folk eit arbeid. Lediggang skapar mykje vondt, seier gen.sekr. Dagfinn Sæther i Misjonsalliansen.

Organisasjonen hans har no sett i gang ei rekkje sysselsetjingstiltak for å gje familiar nytt levegrunnlag. Og misjonen tenkjer nytt. Ein stad underviser ein kosmetolog gratis i venleikspleie. Allereie no har fleire fullført utdanninga og fått kundar nok i rikmannsstroka til å livberga seg.

Ein annan stad har Misjonsalliansen bygd opp ein skofabrikk. Buddhistane trudde det budde vonde ånder i huset. Derfor fekk misjonen det billeg. No lagar tidlegare arbeidslause skomakarar 1.500 par sko i veka, og salet til forretningane går svært bra.

På taket i eit tredje diakonisenter har Misjonsalliansen laga båtbyggeri. Mange filipinske fiskarar mistar båten sin ved forlis eller tjuveri, og forsikringsselskapa vil ikkje hjelpa dei. Hittil har 12 fiskarfamiliar fått nye båtar, og arbeidslause båtbyggjarar er engasjerte.

Sysselsetjingsprogrammet i Misjonsalliansen inneheld og m.a. veskefabrikk, makraméverkstad og smykkeverkstad. Slik prøver misjonærane å hjelpe stadig fleire til eit menneskeverd liv samstundes som dei forkynner evangeliet om Jesus Kristus.



Slumlivet er vanskelig. I Manila på Filippinane arbeider misjonærene både med forkynning og sysselsetjing.

NEI TIL BUSS TIL TAKVAM GRAVPLASS

I samband med bygginga av motorvegen på Skyggjestranda vart nedkøyrseplanen til Takvam gravplass laga i ein sving under motorvegen slik at det er heilt uråd å koma dit med buss. Dei som er med i gravferder og ikkje har privatbil — oftast eldre folk — må difor gå den lange, tunge bakken heilt frå gamlevegen.

Bergen kommune har no ordna noko på vegen mellom Herland og Ta-

kvam kapell. Nemnda for Takvam kapell har gjennom Arna sokneråd søkt kommunen om å få laga denne vegen slik at ein buss kunne koma fram til gravplassen når det er gravferd. Dei meiner det er lite som må gjerast for å kunna få det til.

Kommunen har svara nei til dette. Før motorvegen vart bygd, køyrde alltid ein buss heilt ned til gravplassen når det var gravferd.

Familieside

DØYPT:

Arna sokn:

- 09.09: Hanne Vesterås. Døyp i Nykirke, Snertingdal.
16.09: Arild Tvedt, døyp i Fyllingsdalen kirke.
23.09: Robert Sætrevik. Døyp i Ytre Arna kyrkje.
23.09: Torbjørn Eriksen. Døyp i Birkeland kyrkje.
30.09: Malin Skjelnes, Frank Djonne, Robert Thunestvedt, Ståle Dyrøy Jørgensen og Harald Dyrøy Jørgensen. Håvard Tvedterås ble døyp i Trengereid kapell.
14.10: Julie Kvammen Fjærestad.
Ytre Arna sokn:
23.09: Raymond Pedersen, Tommy André Astad, døyp i Birkeland kirke.
30.09: Vidar Solberg.
07.10: Raymond Jakobsen, Tommy Jakobsen, Elin Haugland.

VIGDE:

Arna sokn:

- 25.08: Tor Øyvinn Andersen og Tone-Birthe Hansen.
29.09: Julius Sivertsen og Signe Lian.
13.10: Guttorm Myklebust og Ingvild Rolland.
Ytre Arna sokn:
06.10: Rune Nystad og Anita Paulsen, vigde i Åsane kirke.

DØDE:

Arna sokn:

- 19.09: Sverre Veseth, f. 1901.
25.09: Marie Berta Wærn, f. 1889.
27.09: Lars Bøe, f. 1916.
08.10: Martha J. Mjeldheim, f. 1900.
Ytre Arna sokn:
29.09: Bjarne Kjeseth, f. 1895.
01.10: Elisabeth Vedå, f. 1891.
07.10: Jørgen Sæther, f. 1915.
09.10: Agnes Reigstad, f. 1903.
12.10: Alf Hjelmås, f. 1911.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA SOKN:

- 23.09: Kyrkjelydsarb. kr. 1.030,-
30.09: Bg. sønd.sk.krins kr. 3.448,-
07.10: Norges Kr. Student- og Sk.ungd.lag kr. 2.452,-
14.10: Kyr.lydsarb. i Arna kr. 1.294,-

YTRE ARNA SOKN:

- 23.09: Det Hvite Bånd kr. 912,-
30.09: Bg. Søn.sk.krins kr. 1.607,-
07.10: Santalmisj. kr. 1.454,-

TRENGEREID:

- 16.09: Kyrkjelydsarb. kr. 596,-
30.09: Søndagsskulearb. kr. 1.081,-
21.10: IKO kr. 842,-

Ein gong skal lyset stråla over verdi

Av Trygve Bjerkrheim

*Ein gong skal lyset stråla over jordi.
I herlegdom kjem Jesus Kristus att.
Då brytast skal i evig dag og vår liv
den lange, mørke verdens vinternatt.*

*Ein gong skal lyset stråla over verdi.
Guds kjærleiks solskin evig råda skal.
I jubel sæl skal lovsongs-vellet stiga
i himlens høge, fagre tempelhall.*

*Ein gong skal lyset stråla over landi.
Guds gode vilje i all verdi vår.
Då ingen blome, ingen born skal bleikna,
men sæle bløma i ein evig vår.*

Kateketen har ordet



Målfrid Sandvik

Kristen tru – er det noko vi snakkar saman om?

Det kan ofte vera vanskeleg å koma fram med det inste i oss. Vi kan gå med tankar som vi ikkje vågar å setja ord på. Eller vi går og ber på noko som vi gjerne skulle ha snakka om, men det er så sjeldan det høver å ta det opp. Det kan vera personlege ting. Det kan gjelda trua vår. – Og tvilen. Ofte kjenner vi gjerne også eit behov for å vita meir. Læra. Studera Bibelen. Høyra på andre sine erfaringar. Det er så mange spørsmål vi gjerne skulle hatt svar på

«Det skulle eg gjerne ha snakka med nokon om» var tittelen på eit multi-mediaprogram som vart sendt i 1975. Mange kyrkjelydar engasjerte seg i programmet, og det vart danna nærare 2.000 samtalegrupper!

No kjem det snart eit nytt fleir-mediaprogram: «UNDERVEIS» – ein programserie om kristen tru i dag. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom NRK, Norsk Kristelig Studieråd og Kirkerådet. Programserien skal sendast våren 1985, frå sist i januar og fram til påske. I denne tida vil det koma 5 TV-program med 14 dagars mellomrom. Radioen følgjer opp med fleire typar sendingar.

Heile opplegget siktar inn mot at ein engasjerer seg lokalt. Særleg er dette ein invitasjon til å bli med i ei samtale-gruppe! I samband med programserien er det utarbeidd studieopplegg til hjelp for gruppene. Dette er godkjent studiemateriell, og gruppene kan såleis søkja om statsstøtte m.a. til innkjøp av studieheftet og utfyllande litteratur.

Boka «Kristen tru i dag» har vore omtala i samband med fleirmediaprogrammet «Underveis». Det er Kirkerådet som har gitt ut boka, også med tanke på dette programmet. Boka er uavhengig av programserien, men kan brukast som ressursbok/utfyllande litteratur på linje med fleire andre bøker.

Dette er ein invitasjon – til å snakka saman om den kristne trua. Bli med i ei samtalegruppe! Dette er eit einestående høve. Det vil koma nærare orientering om opplegget sidan, vi arbeider no med korleis vi skal gjera det lokalt – i kyrkjelydane i Arna. Samtidig er dette ei utfordring til å ta initiativ til ei gruppe der du bur.

Det er fint å vera saman – UNDERVEIS.


Helgemessesøndag i Takvam kapell

Søndag 4. november kl. 16.00 vert det gudsteneste i Takvam kapell v/res.kap. Sundsbø. Ei gruppe frå kyrkjekoret syng. Etter gudstenesta vert det fest i Tunes bedehus. Sokneprest Finne Halle Tvedt talar og kyrkjekoret syng.

Årsmelding frå nemnda for Takvam kapell. Bevertning. Kollekt til utvidinga av kapellet.

Ukens salme i NRK

NRK har satt seg som mål å lære norske menigheter ukjente salmer fra den nye salmeboka. Hver uke får sin salme som skal spilles og synges opptil ni ganger i forskjellige religiøse radio-programmer fra søndag til søndag. Ukens salme vil ta utgangspunkt i søndagstekstene, opplyser programsekretær Håkon Dahl i radioens religiøse programmer.



MØTE

Arna bedehus:

- 1/11: Eldresamvær kl. 17.00.
4/11: Ytre Sjømannsmisjon. Basar.
8/11: Bibeltime v/ rektor K.J. Halleråker kl. 19.30.
11/11: Familiekaffi kl. 16.30.
15/11: Bibeltime v/ rektor M. Landro kl. 19.30.
17/11: Ungdomskveld.
18/11: Medarbeidarfest v/ Soknerådet.
22/11: Bibeltime v/ bibelskulelærer Myklebust kl. 19.30.
25/11: Lærarakademi kveld kl. 19.00.
29/11: Eldresamvær kl. 17.00.
2/12: Speidarfest.
6/12: Medlemsmøte i Indremisjonen. Lysbilete frå Israel v/ Kleiveland kl. 19.00.
7/12: Hvite Bånd — Adventsmøte.
9/12: Møte v/ Tharald Ueland kl. 19.00.

TIL ETTERTANKE ALLEHELGENS DAG

INGEN HENDER

En omvendt afrikaner satte et kors over sin datters grav, og på korset sto denne innskriften: «Døden har ingen hender». Han forklarte hva han mente med dette: «Min lille pike hørte Jesus til. Derfor kan ikke døden holde henne fast, og jeg skal finne henne igjen i himmelen».

HVORDAN

Det betyr ikke så mye hvordan man er født, men det har uendelig mye å si hvordan man dør.

Søren Kierkegaard

DE LEVENDES LAND

«Du er ennå i de levendes land», ble det sagt til en døende. «Nei», svarte denne, «jeg er ennå i de døendes land, men jeg går snart i troen på Herren til de levendes land. Der lever de og dør aldri!»

Rodemeyer

HIMMELEN

Det er betre å ha ein bank i himmelen enn å ha himmelen sin i ein bank.

Erling Ruud

DET SISTE ORDET

Når Jesus har vorte min Herre og Frelsar, får ikkje døden det siste ordet. Om ein syndar eig denne lukka, så lever håpet om æva allereie i hjarta hans. Det er ei gåve frå himmelen.

Aage Falk Hansen

Ytre Arna bedehus:

- 13-18/11: Møteveke for Norsk kristen Muslimmisjon. Talar Kåre Nyhamn.
Søndag vert det familiemøte kl. 16.00.
23/11: Litteraturkveld v/ Gottfred Eriksen kl. 19.00.

Haugland bedehus:

- 6-11/11: Møteveke for Indremisjonen.
Talar Johan Ulveseter.
19/11: Møte for Norsk kristen Muslimmisjon kl. 19.30.
Talar Kåre Nyhamn.

Betania, Lone:

- 6-15/11: Offerveke for Misjonssambandet.
Misjonær Ole Kirkengen.
17/11: Julemesse for Betania.

50-års konfirmantar i Ytre Arna



Søndag 7. oktober var alle som vart konfirmerte i Ytre Arna i 1934 inviterte til gudsteneste i kyrkja og samling i Kyrkjelydshuset etterpå. Dei som i 1934 budde på Haugland og vart konfirmerte i Arna kyrkje var også med. Oppslutninga om samlinga var svært god — dei kom reisande frå Kongsvinger, Oslo og Kristiansand. Og det var tydeleg stor glede over å kunna treffast att. Her ser me dei som var med:

Fremste rekkje frå v.: Nelly Kvamme, Nancy Håven, Solveig Laastad, Kari Indrearne, Harald Emil Hansen.

Andre rekkje frå v.: Arvid Teigland, Hildur Årvoll, Maria Fotland Stenerud, Bergljot Angelskår, Odny Olsen, Klara Boge, Kjellaug Fantoft, Solveig Vik.

Bakerste rekkje frå v.: Johannes Mjelde, Bjørn Blindheim, Torkild Masvie, Torger Nøvdal, Sigvald Skår, Tomas Stokke, Johannes Lien, Trygve Selbak.

Hjartesola

Som naturen opnar seg for sola, slik må hjarta vårt opna seg for den levande Gud. Det vert ikkje liv på anna vis.

Det er sola som smeltar isen og jargar mørkret bort. Det er sola som gjev vår med spirande liv og som gjev sommar med vokster og frukt.

Det er Gud Herren som er sol for hjarta. Steng han ikkje ute! Slepp han til.

Ljos

Det er betre å kveikja eit lite ljoss enn å forbanna mørkret.

Det minste vert stort

Han som er utan Gud i verda, vert snart lei av seg sjølv og uttrykkjer dette fornemt ved å vera lei heile livet. Men han som er i lag med Gud, lever saman med han som kan gjera det minste og uslaste til noko rikt, noko av stort verd.

Søren Kierkegaard.

Sjølve livet

Kristendomen er ikkje ei utfriing frå livet. Han er sjølve livet.



GI DEN VIDERE

På begynnelsen av 1800-tallet var det stor Bibelmangel i Norge. For å rette på dette ble Det Norske Bibelselskap stiftet i 1816. Men ressursene strakk ikke til. Norge manglet både penger og kvalifisert arbeidskraft for å løse denne oppgaven. Støtte utenfra — fra England — ble løsningen de første årene. Likevel tok det lang tid før resultatene ble synlige.

Mange land står i tilnærmet situasjon idag, som Norge stod i på begynnelsen av 1800-tallet. Ikke fordi det er mangel på arbeidskraft. Ikke fordi kirkemedlemmene i disse landene ikke selv yter penger til arbeidet. Men fordi den tilgjengelige arbeidskraft svært ofte ikke er kvalifisert for oppgaven, og fordi u-lands valuta ikke strekker til når man må kjøpe i-lands teknologi. (Det finnes knapt nok et trykkeri i Afrika som kan trykke Bibler).


Det koster nemlig minst like mye å produsere en Bibel på et afrikansk stammespråk som på norsk. En norsk Bibel får du kjøpt for 100 kroner. Det tilsvarer 2 timers arbeid på norsk gjennomsnittslønn. I Zaire er 100 kroner en gjennomsnitts månedslønn.

Bibelmisjonen er i virkeligheten et verdensomspennende solidaritetsfond. De rike Bibelselskapene betaler inn penger som de fattige selskapene tar ut. Til oversettelsesarbeid. Til trykking. Til distribusjon og prissubsidier. Hensikten er at mennesker over hele verden skal betale noenlunde det samme for en Bibel — i forhold til deres inntekt.

De norske bidragene til Bibelmisjonen har økt de siste årene. Det samme har de samlede bidrag fra De Forente Bibelselskaper. Men behovene er langt fra dekket. Alt det som samlet står til disposisjon for 1984 (185 mill. kroner) strekker ikke engang til for å dekke behovene i Afrika.

Ungdommene i denne menigheten i Kinshasa. Zaire, har fått Bibelen på sitt eget språk. Bare i Afrika venter tusener av menigheter, og millioner av mennesker på den samme boken — på sitt eget språk. «GI DEN VIDERE». Du som er glad i din egen Bibel kan dele denne gleden med andre. Du kan være med på å gi den videre, slik at målet for Bibelmisjonen nås: Bibelen til alle — på et språk de forstår — til en pris de kan betale.

Hans-Jørgen Morvik
Det Norske Bibelselskap



Ved dette nummeret av kyrkjelydsbladet ligg ei brosjyre der det står litt meir om dette, og der du kan melde deg til å vera med og gje Bibelen vidare.

Søndagsskulens dag i Arna


Søndagsskulens dag i Arna var 30. september. Då var det familiegudsteneste i begge kyrkjene og på Trengereid og Unneland. Frammøtet var godt — kyrkjene var fullsette den dagen. Her ser me nokre glimt frå Ytre Arna:




Dei starta med tog fra torget.




Haugland skulekorps spela.




Yngste Roster song i kyrkja



og store og sma var med.



I kyrkjelydshuset smaka det godt med bollar og saft, sjølv om det var trangt om plassen.




og borna syntest det var fint å fa bruka fargeblyantar og teikna litt.

Doulos til Bergen

Evangeliseringsskipet Doulos kjem til Bergen i tida 15.11-9.12. og vert lig-gjande ved Festningskaien. Det er eit skip som tener Kristi sak over heile verda. Det har med seg verdens største flytande bokmesse, og i tida skipet ligg i Bergen, vert det høve for alle til å koma ombord. Det kan vera for å sjå bokutstillinga, vera med på møta, eller ta ein tur innom kaffebaren.

Skipet har møtesal til 600 personar. Ombord på skipet er det over 300 personar frå 35 nasjonar. Dei vil også ta del i ei rekkje arrangement i Bergen i denne tida.

Om du vil vita meir om dette, er det lagt ut program i kyrkjene.



Arne Grimstad til Ytre Arna

IKO-utvalet i samarbeid med foreldreråda ved Ytre Arna og Haugland skule arrangerar eit møte for alle foreldre mandag 19. november kl. 19.00 på Ytre Arna skule. Arne Grimstad skal tala over emnet: «Foreldre i ei ny tid».

Alle foreldre er velkomne til møtet.

Helsestasjonen i
Indre Arna
Kommunehuset
Indre Arna

**Svangerskapskontroll
v/lege og jordmor**

Telefon 24 07 00
Kontortid: Hver onsdag.

Lege i Arna:

Lege
Frøydís Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tisd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING

finn De gáver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedáp.

Keiveland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Banken i Arna frá 1866

SPAREBANKEN
**VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket slitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørges
oppsett.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40





Velkommen til kyrkje

- 4/11 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø og gen.sekr. Gunnar Stålsett. Nattverd. Takkoffer til bibelmisjon. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
Takvam kl. 16.00. Res.kap. Sundsbø.
- 11/11 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den norske muhamedanermisjon. Sundagsskule.
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste. Kateketane Haugsvær og Sandvik.
Ytre Arna kl. 19.00. Musikkandakt. Arna kyrkjekor, Ytre Arna kyrkjekor og ungdomskor.
- 18/11 Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 25/11 Arna kl. 11.00 Stiftskap. Ivar Molde. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule, Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE v/res.kap. Sundsbø. Ytre Arna barne- og ungdomskor. 1. KLASSINGAR SPESELT INVITERTE. Takkoffer til Hjemmenes dåpsring. Kyrkjekaffi.
Trenereid kl. 11.00 Akademilektor Sigurd Vengen. Nattverd. Takkoffer til Norsk lærerakademi.
- 2/12 Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Takvam kapell.
Arna kl. 19.00 LYSMESSE. Takkoffer til Norges kristelige Ungdomsforbund.
Ytre Arna kl. 19.00 LYSMESSE. Ytre Arna Ungdomskor.
- 9/12 Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoninstitusjonane. Sundagsskule.
Arna kl. 19.00 Julekonsert.
Ytre Arna kl. 11.00 Prost Johs. Valle. Nattverd. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding.
Unneland kl. 16.30 LYSMESSE.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen

Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.